
MØTEPROTOKOLL

Utvalg: Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 21.10.2019
Møtets varighet: 10:00 – 15:00
Sted: Storhornet, adm.-bygget Ålesund
Saksnr.: BU54/19 – BU65/19
Arkivsak: 2019/5955

Møteleiar: Ingrid Løset

Møtande medlemmer:

Ann Helene Skare
Atle Tangen
Hilde Marie Kleiven
Inger Nossen Sandvik
Torill Bøe - forfall
Anne Grete Mogstad
Asbjørn Ringdal Gausdal
Jakob Strand
Daniel Ask (vara for Torill Bøe)

Fra administrasjonen møte:

Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (referent)

Andre:

Helge Ristesund – under orientering frå konst.adm.dir.
Bodil H. Våge, Unni Arnestad og Randi Spjelkavik – under orientering om pasientklageskjema og videokonsultasjon

Forfall:

Torill Bøe

BU54/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner innkalling og saksliste (med tilføyning av saker) og protokoll 06/19 blei underteikna.

BU55/19 Orientering frå Helge Ristesund – stedfortreder for konst. adm. direktør

- Bygningmessig utviklingsplan Volda og Ålesund sjukehus
- SNR
 - Kontrakt signerast på Hjelset 22. oktober
 - Ny prosjektleiar for SNR - DMS Kristiansund
- Andre nyheiter i helseføretaket
 - Rehabiliteringsprosjektet er kome i gang
 - Suksess med prosjekt jobb-gliding ved Øye-poliklinikken ved Molde sjukehus
 - Internasjonal pris til innovasjonsrådgjevar Christer Jensen og tidligare fagdirektør Jo-Åsmund Lund for doktorgradsartikkel som omhandla teknikkar for stråling til brystkreftpasientar.
 - Forskingspris til nevrolog Rune Aakvik Pedersen
 - Heimesjukehus i Kristiansund

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringane til vitande.

BU56/19 Orienteringssaker

Brukarutvalet fekk orientering om:

- Pasientklageskjema via Altinn – prosjekt
- Videokonsultasjon-prosjektet
- Læringsportalen
- Forskingsmeldinga (utsett)

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringane til vitande.

Brukarutvalet stiller seg svært positive til arbeidet som vert gjort i utforminga av klageskjema for pasientklager. Brukarutvalet minner om prinsippet om Universell Utforming.

Brukarutvalet ser fram til vidare utvikling og bruk av videokonsultasjonsordninga i Helse Møre og Romsdal.

BU57/19 Munnleg orientering frå møter i råd og utval HMR

Medlemmane i brukarutvalet sender ein e-post til sekretær om kva aktivitetar/møter ein har vore med på som medlem av brukarutvalet.

Ingrid Løset	<ul style="list-style-type: none"> - KPU-møte - Pasientklageskjemaprosjekt - Styremøte september - Forhandlingsutval samhandlingsavtale - Testing videokonsultasjon - KEK-møte - KEK-seminar - Arb.-gruppe samhandlingsavtalen delavtale LMS mm
Ann Helene Skare	<ul style="list-style-type: none"> - Barn som pårørende - Fellesmøte LSU Molde/Kr.sund - KEK-møte - KEK-seminar - Forhandlingsutvalget revisjon samhandlingsavtale - Ressursgruppe «...pårørende ved alvorleg sjukdom» - Virtuelle polikliniske konsultasjoner
Hilde Marie Kleiven	<ul style="list-style-type: none"> - KPU-møte - Pasientklageskjemaprosjekt - KEK-møte - KEK-seminar
Inger Nossen Sandvik	<ul style="list-style-type: none"> - KEK-møte - KEK-seminar
Daniel Ask	<ul style="list-style-type: none"> - Regional forskingskonferanse
Torill Bøe	<ul style="list-style-type: none"> - Styremøte september

BU58/19 Referatsaker (utan saksframlegg)

- Protokoll frå styremøte 25.09.2019
- Protokoll frå RBU 23.09.2019

BU59/19 Honorar og godtgjersle for brukarrepresentantar i LMS HMR

Vedtak:

Brukarutvalet har motteke brevet frå Regional ressursgruppe for opplæring av pasientar og pårørende i Midt-Norge og tek brevet til etterretning. Brukarutvalet ber om at denne saka vert behandla på regionalt nivå til ei felles regional retningslinje for honorering av brukarrepresentantar. Det er ikkje ønskjeleg med ei eiga retningslinje for brukarrepresentantar i Helse Møre og Romsdal.

BU60/19 Styresakene til 23.10.2019

Vedtak:

Ad styresak 65/19 – Brukarutvalet tek statusrapporten til vitande.

Ad styresak 66/19 – Brukarutvalet tek antikorrupsjonsprogram Helse Midt-Norge til vitande.

Ad styresak 67/19

Brukarutvalet viser til vedtak frå brukarutvalsmøte i februar 2018 (sak 6/2018 pkt 13) og ser med uro på at vedtatt plan føreslås revidert. Dette gjeld spesielt «akuttmottak/korttidspost» og «operasjon, post-op og intensiv» ved Ålesund sjukehus som blir vanskeleg å gjennomføre slik som tidlegare planlagt og at det heller ikkje er økonomi til å gjennomføre planen.

Brukarutvalet vil presisere at bygningsmessige forhold er viktig for god og trygg pasientbehandling.

Brukarutvalet meiner at det er uakseptabelt at det ikkje ligg føre konkret og tidfesta plan for utbetring/forsterking av el-forsyninga ved Ålesund sjukehus. Dette med tanke på innkjøp og installering av nytt medisinteknisk utstyr.

Brukarutvalet er positiv til utviklinga av det nye habiliteringsbygget og at arbeidet ved Volda sjukehus held fram som planlagt.

Brukarutvalet føreset at ein blir teken aktivt med i arbeidet som skal gjerast.

Brukarutvalet ber om at det nye brukarutvalet frå 1.1.2020 blir halde jamnleg orientert om bygningsmessig utviklingsplan.

BU61/19 Oppnemning i råd, utval og samlingar

Oppnemning av representant til ROS-analyse ved DPS Nordlandet

Det er bedt om ein representant, men brukarrepresentantane opplever ROS-analyser som særskrevjande og ønskjer at ein er to stykk saman ved denne type representasjon.

Vedtak:

Brukarutvalet oppnemner Ann Helene Skare og Atle Tangen til representantar til ROS-analysen. Ingrid Løset er vara.

BU 62/19 Møteplan for brukarutvalet 2020

1. Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal vedtek følgjande møteplan for 2020.
 - Mandag 27. januar
 - Mandag 24. februar
 - Mandag 23. mars
 - Mandag 11. mai
 - Mandag 8. juni
 - Mandag 14. september
 - Mandag 12. oktober
 - Mandag 9. november
 - Mandag 7. desember
2. Leiar av brukarutvalet kan i samråd med administrasjonen beslutte møtestad og dato ved behov.

3. Møteplanen skal sendast ut til dei ulike avdelingane i helseføretaket med mål om at behov for oppnemning av brukarrepresentantar til ulike råd og utval vert gjort i forbindelse med dei fastlagte brukarutvalsmøta.

BU 63/19 Saker til regionalt nettverksmøte BU HF/RHF 31.10.2019

- Videokonsultasjon-ordninga
- Revisjon av samhandlingsavtalane mellom kommunane og helseføretak
- Utprøving av pasientklagesystem på Altinn
- Helseplattformen
- Honorering av brukarrepresentantar i forbindelse med førespurnad frå Regional ressursgruppe for opplæring av pasientar og pårørande i Midt-Norge

BU64/19 Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.









BU65/19 Godkjenning av møteprotokoll 21.10.2019

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner protokoll 06/19 frå 21.10.2019.

Ålesund, 21.10.2019

Møtet slutt kl. 15:00

 Ingrid Løset	 Ann Helene Skare	 Inger Nossen Sandvik
 Atle Tangen	 Asbjørn R. Gausdal	 Anne Grete Mogstad
Torill Bøe (forfall)	 Jakob Strand	 Hilde Marie Kleiven
Daniel Ask (vara for Torill Bøe)		

